

## DOMMARSKJEMA SPEL/VOKAL

|       |             |
|-------|-------------|
| Namn: | Klasse:     |
| Lag:  | Framføring: |

### RETTLEIANDE BRUK AV POENGSKALAEN *(75 poeng er grensa for opprykk til A-klasse)*

|                             |                                   |                             |                                   |
|-----------------------------|-----------------------------------|-----------------------------|-----------------------------------|
| Lite meistring<br>(0-24 p.) | Nokså god meistring<br>(25-49 p.) | God meistring<br>(50-74 p.) | Særs god meistring<br>(75-100 p.) |
|-----------------------------|-----------------------------------|-----------------------------|-----------------------------------|

Skjemaet er eit personleg arbeidsverktøy for dommaren.

|  |       |
|--|-------|
| <b>TEKNIKK:</b>                        | + / - |
| REINLEIK, TONE OG KLANG _____          |       |
| MELODIFIGURAR/UTSMYKKING _____         |       |
| TAKT, RYTME OG TEMPO _____             |       |
| INSTRUMENTAL MEISTRING _____           |       |
| <b>INNHALD:</b>                        |       |
| TONEKJENSLE (toneansats) _____         |       |
| FLYT, FRAMDRIFT, FRASERING _____       |       |
| FORMIDLING _____                       |       |
| VARIASJON/BREIDDE I UTTRYKK _____      |       |
| TEKSTUTTALE/TALENÆR SONG (vokal) _____ |       |

### HEILSKAPSINNTRYKK:

|       |
|-------|
| POENG |
|-------|

## **Rettleiing for dommarskjema for spel/vokal, med særskilte punkt for open klasse og vokal**

Dommarpanelet skal diskutere punkta og omgrepa som står øvst på dommarskjemaet før dei byrjar dømminga. Skjemaet skal hjelpe dommarane individuelt, og som kollegium til å ha ein felles, fagleg plattform i vurderinga av framføringane. Dommarskjemaet er eit personleg arbeidsverktøy for dommaren. Poengskalaen er lik i alle tevlingsklassane.

Dette dommarskjemaet skal brukast i alle dei ulike spel-klassane på Landskappleiken og Landsfestivalen, samt i vokal på Landskappleiken.

### **Teknikk**

Dommaren skal dømme kvalitetar i sjølve spelhandverket, som middel til å fremje musikalsk kvalitet innafor ramma av norsk tradisjonsmusikk. Det er viktig at ein i dømminga tek omsyn til skilnadar mellom speldialektar, mellom slåttetypar og einskilde slåttar.

Dommaren må leggje vekt på at slåttane vert spela med den takt og rytme dei bør ha etter tradisjonen. Ein fridom i høve til den strenge dansetakta kan tolast når det ikkje vert spelt til dans, så framt grunndraget i slåtten og rytmen ikkje går tapt. Det er viktig at spelmannen finn det tempoet som kler slåtten, og som høyrer heime i tradisjonen.

### **Innhald**

Dommaren skal her vurdere spelmannen si formgjeving og formidling av folkemusikalsk stoff. Det må vurderast i kva grad ein slått vert spela slik at han står fram som ein heilskap, og kan gje ei kunstnarleg oppleving.

Dommaren skal verdsetje spel som gjev slåtten melodisk karakter og rytmisk nerve, og honorere spelmannen si evne til å variere og/eller gje slåtten eit personleg preg, slik dette vert handsama i kvar einskild tradisjon.

For Landsfestivalen skal det leggest særskilt vekt på danseappell og evne til formidling.

### **Slåttevalet**

Tevlingsreglementet seier at utøvarane skal legge vekt på og syne rikdom i slåttetilfanget. Det vil seie å velje slåttar av ulike rytme og/eller ulike karakter. Når det gjeld akkordinstrument i solistklassar, samt grupper og lag, må det også vurderast om arrangementet passar til musikken.

### **Samspel**

I klassar der det inngår samspel, skal dommarane legge vekt på godt samspel, god presisjon og instrumental meistring. Er det til dømes samsvar mellom vanskegraden på slåtten og dei musikalske og tekniske ferdigheitene til dei som spelar? Kommuniserer spelemennene musikalsk? Desse vurderingane må gjerast gjeldande for både komp og melodiførande instrument. Det er heilskapen av samspelet som skal vurderast.

### **Framgangsmåtar**

Dommarskjemaet er meint som eit arbeidsverktøy, og kvar dommar kjem fram til ei heilskapleg vurdering av kvar enkelt utøvar. Samla poengsum per deltakar er maks 100 poeng. Dommaren kan også bruke 100 poeng per slått, og ta eit gjennomsnitt av dei to slåttane. 75 poeng er grensa for opprykk på Landskappleiken. I ei finale kan du bruke same skjemaet, og ta eit gjennomsnitt av finaleslåttane. Bruk notatfeltet aktivt på dommarskjemaet, sett t.d. pluss og minus med kommentarar. Kvar enkelt dommar skal komme fram til ein samla poengsum for heile framføringa i ein skala frå 0 – 100, som skal noterast nedst i høgre hjørne. Gjennomsnittet av poenga frå alle dommarane dannar grunnlag for resultatliste.

### **SÆRSKILT FOR OPEN KLASSE**

I open klasse skal det framførast musikk/dans som det er tradisjon for i kvart distrikt. Innafor denne ramma oppmoder ein gjerne til nytenking og eksperimentering.

Sjå elles tevlingsreglementet for denne klassa.

### **SÆRSKILT FOR VOKAL**

Det er dei folkemusikalske stiltrekka som skal vere utgangspunktet for dømninga. Teknisk dugleik og musikalsk innhald i framføringa skal vurderast i forhold til ideala i folkesongen.

Gjennom dømninga skal domarane stimulere til bruk av tradisjonelle stiltrekk, og til at ein unngår stiltrekk som er framande for folkesongen.

Domarane skal vurdere om utøvaren meistrar både dei tekniske utfordringane i kvedinga og det å gje songen eit truverdig uttrykk og innhald.

**Teknisk dugleik** handlar om å meistre instrumentet sitt, altså stemma, t.d. å halde stø tone, treffe rett tonehøgd, ha tilstrekkeleg med pust og utføre toneansats, ornamentikk og andre detaljar på ein overtydande måte. Det handlar også om å bruke språklydane klangleg og rytmisk (tydelege vokalar som i tale, syngje på lydande konsonantar).

**Musikalsk innhald** dreiar seg om å gje framføringa liv og uttrykk, som høver til det ein syng. Ved hjelp av element som variasjon, frasering, tekstformidling og stemmebruk skal utøvaren skape eitt uttrykk som når fram til tilhøraren. Teksten kan utnyttast for skape framdrift og spenst.

Tradisjonelt er nyansane gjerne på mikroplanet, det er ikkje dei store verkemidla som blir nytta.

Ein god kvedar har god stemmekontroll og eit moge, truverdig uttrykk i samsvar med tradisjonen. Dei ulike elementa vil då framstå i eit heilskapleg uttrykk. Domarane skal vurdere i kva grad deltakaren viser ein slik heilskap i aktuelle framføringa.